


Alle kjenner Røde Fjær



Jaan Erik Olson leia innsamlinga i dag

Alle kjenner Lions Røde Fjær.

Det erfarte dei som idag banka på i Uskedalen og Herøysund då dei tok del i den største, landsomfattande innsamlingsaksjon her i Norge. Aksjonen vert gjennomført stort sett kvart femte år og denne gongen var føremålet eit forbyggjande og haldningsskapande undervisningsprogram som heiter Det er mitt val.og er for barn og unge.

Røde Fjær vart avvikla fyrste gong i 1966 og då gjekk midlane til etableringen av Beitostølen Helsesenter i Valdres.

Resultatet her hos oss i dugnads- og innsamlingsbygda vert diverre ikkje kjent fordi det rett og slett ikkje vert spesifisert. Men dei 11 innsamlarane slår fast at responsen var god.

I det lite innbydande veret var relativt mange uskedelinger heime og dei soim ikkje vart oppsøkt i dag har sjansen imorgon hvis dei nyttar konto 3530.27.46778 Lions Røde Fjær 2015-104D.

Aksjonen som vara i 4 timar vart sikkert administrert av Jan Erik Olsson i Gamleskulen og han hadde hatt verdfull hjelp av ein annan innsamlingseksperter i bygda - Selma Eik i helselaget.

Resultatet vert altså ikkje gjort offentleg for Uskedalen - i motsetnad til kva som har skjedd med summen frå nesten alle tidlegare innsamlingsaksjonar.

Det kan då vera på sin plass å minna om at bygda har ein imponerende posisjon på dette området med rundt 200 000 i innsamla midlar kvart år. Ifjor kom til dømes summen opp i 70 000 for skulemusikken fordelt med 50 000 på adventskalender og 20 000 på basar.

Helselagets resultat i fjor var 40 000 på basaren og 20 000 på demensaksjonen og bedehusbasaren gav 30 000. Vonheimbasaren kom opp i 20 000 og ein må ikkje gløyma fasteaksjonen der konfirmantane samla inn 13 000. Røde Fjær er berre kvart femte år, men loppemarkedet til Lions er no kvart år her i bygda. Etter dette vart samla sum i 2014 213 000, men heller ikkje her er tv-aksjonen med.

Lat oss berre nemna mottoet i dag: Det er betre å bygga ungdom enn å reparera gamle!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Jan Erik Olson leia aksjonen og Ronny Lakselv var bøsseberar